

Forskarane kjem til ungdommane: – Vi vil gjere forsking mindre framandt

Ni forskarar, seks skular og eit mål om å vekkje nysgjerrigheit. Under Forskningsdagane forlèt forskarar ved Høgskolen i Østfold campus for å møte ungdom der dei er og slik kanskje opne auga deira for moglegheiter dei ikkje har tenkt på før.

AV LOUISE FIFE AARDAL | PUBLISERT 14. SEP. 2026



Dette er ein del av forskarane som kjem: Framfor bilen på venstre side: Nina Skajaa Fredheim, bak til venstre Gunnar Andersson, ståande bakarst på venstreside av bilen: Harald Holone, bak på høgre sidan ståande på bilen: Therese Dwyer Løken, til høgre for ho, ståande på bakken: Elin Strand Larsen og til slutt Ann-Kristin Johansen som held roll-up-en. Av dei ni forskarane som er med på “Forskarane kjem!”, er desse ikkje med på dette biletet: Bente Marie Jacobsen, Tor Freyr, Sandra Fylkesnes, Nina Marie Pedersen og Trude Tonholm.

Kva gjer egentleg ein forskar? Og er forsking noko vanlege ungdommar kan sjå for seg å drive med?

Under Forskningsdagane i år får elevar ved seks skular i Moss, Indre Østfold og Sarpsborg moglegheita til å finne ut meir. For første gong arrangerer Høgskolen i Østfold «Forskerne

kommer!», der ni forskarar frå ulike fagfelt reiser ut til skulane for å fortelje om forskinga si, svare på spørsmål og møte ungdommane ansikt til ansikt.

– Terskelen for å oppsøkje eit universitet eller ein høgskule kan vere høg, spesielt for ungdom. Ved å komme dit elevane allereie er, fjernar vi den barrieren, seier Nina Fredheim, seniorrådgivar kommunikasjon ved Høgskolen i Østfold.

Ho fortel at målet er å gjere forskning til noko nært og tilgjengeleg, i staden for noko abstrakt som går føre seg eit heilt annan stad.

Vil avmystifisere forskaren

Gjennom korte foredrag, demonstrasjonar og samtalar skal elevane få møte forskning frå ei rekke ulike fagområde. Høgskulen håpar det kan gi ungdommane eit breiare bilete av både forskning og menneska som driv med den.

– Mange har nok ein fjern idé om kva ein forskar er. Når du kan stille spørsmål direkte, diskutere og få svar der og då, blir forskaren ein person og ikkje berre ein tittel eller noko du les om, seier Fredheim.

Høgskulen håpar samtidig at møta kan gjere elevane meir nysgjerrige på kva moglegheiter som finst etter vidaregåande. Dei ni forskarane som skal ut på turné representerer ulike fagfelt, og har sjølv følgt ulike vegar fram til forskarjobben.

– Interesse kom undervegs

Ein av dei elevane får møte, er Bente Marie Jacobsen ved Høgskolen i Østfold. Ho forskar på korleis ny teknologi kan gjere det lettare for helseprofesjonsstudentar å lære biovitskap.

I eit såkalla Immersive-rom ved simuleringssenteret SimFredrikstad kan studentane bevege seg inn i eit virtuelt læringsmiljø og på den måten «gå inn i kroppen». Målet er å gjere biologiske prosessar som elles er usynlege og abstrakte, meir konkrete og lettare å forstå.

Jacobsen visste ikkje frå ung alder at ho skulle bli forskar.

– For min del kom interessa undervegs i studiar og jobb. Eg brenn for å finne nye vegar inn i fag som mange studentar synest er vanskelege. Den djupare interessa for fagfeltet har utvikla seg medan eg har jobba tett med studentane våre, fortel ho.

Men éin person hadde mykje å seie for at interessa for biologi vart vekt.

– Eg hadde ein biologilærer på vidaregåande som hadde ei unik evne til både å lære bort og til å jobbe utforskande med faget. Det var nok den viktigaste grunnen til at eg vart nysgjerrig på faget mitt.

No håpar ho sjølv å kunne vekke noko av den same nysgjerrigheita hos ungdommane ho skal møte.

Vil høyre kva ungdommane tenkjer



For Jacobsen går møtet begge vegar. Ho gler seg ikkje berre til å fortelje om forskinga si, men også til å høyre kva elevane meiner om den.

– Dei har ofte tankar og innspel eg sjølv ikkje har tenkt på, og dessutan tør dei utfordre oss på ein meir direkte måte. Då blir eg inspirert til å tenkje nytt omkring fagfeltet og forskinga mi.

Ho håpar også at elevane får sjå kva forking faktisk kan handle om: å vere nysgjerrig, prøve å finne svar på ting ein lurar på og halde fram med å lære gjennom heile livet.

Og kanskje kan møtet gjere vegen til høgare utdanning litt kortare.

– Det at vi møter dei, snakkar med dei og viser kva vi held på med er forhåpentleg inspirerande. Ikkje minst kan vi vise kor mange moglegheiter som finst på dei ulike fagfelta, seier Jacobsen.

For henne handlar utdanning og forking først og fremst om å finne noko ein verkeleg interesserer seg for.

– Finn du noko du er skikkeleg interessert i og kjenner på meistring i det, så køyr på. Erfaringa mi er at då kjem også lysta til å fordjupe seg.

Viktig i ein region med lågt utdanningsnivå

Østfold har ein lågare del innbyggjarar med høgare utdanning enn landsgjennomsnittet. Høgskulen meiner derfor at møte mellom ungdom, forskning og høgare utdanning kan ha ein særleg verdi i regionen.

– Østfold er ein mangfaldig region, og som kunnskapsinstitusjon ønskjer vi mellom anna å bidra til å styrkje deltaking, tilhøyrse og moglegheiter på tvers av språklege, kulturelle og sosiale forskjellar, seier Ann-Kristin Johansen, seniorrådgivar i kommunikasjon ved Høgskolen i Østfold.

Ho peikar på utdanning som éin av fleire faktorar som kan bidra til å førebyggje utanforskap.

– Denne skuleturneen kan vere ein måte å vise ungdom at det å prioritere kunnskap, skule og høgare utdanning er viktig og noko som gir dei moglegheiter i framtida.

Målet er likevel ikkje å vise ungdommane éin bestemd veg. Høgskulen ønskjer også å vise kor ulikt vegen inn i forskning kan vere.

– Vi håpar forskarteamet som skal ut på turné kan inspirere skuleelevane til å ta eigne vegval, innsjå at moglegheitene er mange og at vegen fram til eit mål kan bli til medan ein går, seier Johansen.

Personlege møte kan byggje tillit

Årets tema for Forskingsdagane er «tillit». Det gir skulebesøka ein ekstra dimensjon.

Ifølgje Johansen blir tillit skapt til forskning også gjennom forståing for korleis kunnskapen blir til. Når elevane møter forskarane direkte, kan dei stille spørsmål og få eit innblikk i korleis forskning faktisk går føre seg.

– Det håpar vi gjer forkinga mindre fjern og meir relevant. Samtidig kan møte som dette bidra til å gjere forskarane meir menneskelege, slik at ungdom lettare kan identifisere seg med dei og få tillit til både forskarane og kunnskapen dei formidlar.

For Jacobsen er tillit også knytt til korleis forkinga blir utført, og kva betydning ho har:

– For meg er det viktig at ein kan stole på at forkinga blir gjort på ein ordentleg måte, og at ho er til nytte for samfunnet. Når forskarane legg ut på vegen i september, håpar Høgskolen at elevane både får ny kunnskap og eit litt anna bilete av kven ein forskar kan vere.

For Bente Marie Jacobsen er forventninga enkel:

– Eg gler meg til å snakke med dei og til å få høyre deira tankar om forkinga vi gjer.

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.